

## **Referat fra EDK-møte 1:2022, 14. juni 2022**

Til stede: Ingebjørg Rype, (NB) (leder), Rine Gjerken (Bokbasen), Asbjørn Risan (Unit), Elisabeth Gran (Asker bibliotek), Vibeke Stockinger Lundetræ (Universitetsbiblioteket i Oslo), Marit Kristine Ådland (OsloMet) (ref.)

### **1:22 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Innkalling og dagsorden vart godkjend

### **2: 22 Godkjenning av referat 2:2021**

Referatet vart godkjend. Ingebjørg gav status for ein del av sakene i referatet:

- Vidare arbeid med Norsk tesaurus for sjanger og form
- Saka om forkorting av «norske» emne i Dewey: NB vil legga fram eit utkast til drøfting på eit komande møte der også Biblioteksentralen er representert.
- Saka om bruk av Marc-felt 008/24-27 og 008/33+34: Ingebjørg sørger for at saka blir tatt opp i nasjonal RM-gruppe og nasjonal Oria-gruppe

### **3:22 Norsk tesaurus for sjanger og form (ntsf) - status og vidare planar**

Termar for film og TV-program er lagt til, dei ligg i hierarkiet under Visuelle verk. Dette har skjedd i samarbeid med folk frå Bokbasen og Nasjonalbiblioteket. Ein del feilretting er ikkje lagt over i Skosmos enno, elles er det meste ferdig.

Tidlegare har det kun vore engelsk term på dei begrepa der Library of Congress Genre/Form Terms (LCGT) har ein tilsvarende term som kan lenkast til. Dette er no endra. Dermed kan heile tesaurusen få engelske termar også der det ikkje er så lett å mappa til LCGT.

Komiteen drøfta begrepet TV-programmer utan å koma fram til eit betre alternativ. Tesaurusen er tilgjengeleg for alle.

Universitetsbiblioteket i Oslo og Nasjonalbiblioteket vil vurdera om ntsf kan erstatta formtermane i Humord. Humord har ein del innførslar som er meir spesifikke enn ntsf, dei må i så fall innlemmastes.

### **4.22 Autoristetsregister for stad**

Komiteen fekk ein presentasjon av ein grundig rapport frå ei arbeidsgruppe ved NB. Rapporten anbefaler opprettning av eit autoritetsregister for stader. Dette vil henta termar frå Sentralt stadnamnregister og Polarinstituttet, og berika dei med URL-ar, og med notar og alternative namneformer der det er aktuelt. For stader utanom Norge, er det anbefalt å laga ei teneste som slår opp i eksisterande stadnamnregister.

Komiteen drøfta eit stadregister generelt og om det kan koordinerast eller mappast med Dewey og Humord. Det kom også forslag om å bruka Humord for stader i utlandet.

### **5:22 EDUG-møte i Oslo**

EDUG er i Oslo 6.-7. oktober. Komiteen drøfta moglege tema for innlegg:

- Delar av tabellen som ikkje reflekterer norske vinklingar godt nok.
- Eit folkebibliotekperspektiv kan vera interessant i EDUG-samanhang

## **6:22 Nettkurs i Norsk WebDewey – Ny gjennomgang av anbefalingane**

Arbeidet med eit e-læringskurs er i gang. Når det er klart nok, vil medlemer av komiteen bli oppfordra om å tipsa om personar som kan testa det, i tillegg til at studentar ved OsloMet/ABI vil få testa kurset.

Kurset gjev grunn til å oppdatera anbefalingane for bruk av Dewey i Norge. Nasjonalbiblioteket vil leggja fram eit forslag til endringar på neste møte. Endringane vil inkludera

- Å ta ut alle eller dei fleste referansar til DDK5 og NORMARC
- Justering av avsnitt om å endra kode for autoriserande bibliotek
- Endring av avsnitt om alternative nummer
- Endring av anbefaling om 085
- Ta bort og oppdatera andre formuleringar som var aktuelle i overgangsperioden mellom DDK5 og Norsk WebDewey, men som no er utdaterte.

## **7:22 Runde rundt bordet**

Rine, Bokbasen: Jobbar framleis med nytt kjernesystem. Bokbasen ser også på korleis trykkeunderlag kan utnyttast i metadataproduksjon.

Vibeke, Universitetsbiblioteket i Oslo: Jobbar mykje med omorganisering. Ein avdeling har fått ansvar for mange vokabular, og dei jobbar med å skaffa oversikt og sjå etter moglege forenklingar. Per i dag er UDK og ACM ikkje lenger i bruk for å klassifisera tilvekst ved bibliotekavdelingane som brukte desse systema. Dei jobbar vidare med å fjerna strengar i Realfagstermer, slik at dette vokabularet blir reint postkoordinert.

Asbjørn, Sikt: Nøkkelord for Norart og Norsk tesaurus for sjanger og form (NTSF) er importert i Alma. Norart-nøkkelorda er til bruk i Norart-postane, NTSF er tilgjengeleg for alle BIBSYS-bibliotek. Dei jobbar også med å rydda i og autorisera data der det trengs.

Marit Kristine (Oslomet): Arbeider med eit nytt emne som skal heita Grunnleggande metadata. Det skal vera tilgjengeleg for etter- og vidareutdanning.

Elisabeth, (Asker bibliotek): Biblioteket er no ferdig med konvertering til MARC21. Dei har rydda ein del i sjanger og form-termar etter som termar frå NTSF kjem inn med nyimporterte postar. Biblioteket jobbar også med å harmonera hylleordninga ved ulike bibliotekavdelingar, etter kommunesamanslåingar.

## **8:22 Orienteringssaker**

- Musikkemneordene inn i nbvok
  - Ingebjørg orienterte. Emneorda er lasta inn i NB sine system slik at dei kan bli tilgjengelege i Skosmos. Det er bruk for vidare jobbing med termane før publisering, det kjem forhåpentlegvis snart.
- Nytt fra EDUG/EPC/IFLA - orienteringa vart dekka i sak 5:22

## **9:22 Eventuelt**

Avvikling av Norart

Medlemer i Emnedatakomiteen uttrykte bekymring for korleis informasjonsbehova Norart i dag bidrar til svar på, skal dekkast framover ved avvikling av tenesta. Den nye løysinga Nasjonalbiblioteket skisserer framstår som uferdig. Sjølv om delar av datamaterialet kan vera

tilgjengeleg i andre former, vil metadata med blant anna klassifikasjonskodar knyta Norart-materialet saman med andre databasar der Dewey er i bruk, både nasjonalt og internasjonalt.

Det at Norart etter kvart ligg i Alma, gjev god tilgang framover. Og fulltekstbaserte søk har potensiale for å møta mange behov. Men det vil vera behov for i det minste grunnleggande metadata knytt til artiklane og innhaldet i dei, og det er behov at nytt materiale vert registrert og lagt til også før ei fornøy løysing er på plass.